



Prosten i Nordfjord
Rolf Schanke Eikum
Postboks 5
6771 NORDFJORDEID

Nordfjordeid, 27.nov.2003

Til
Kyrkjeavdelinga
Pb. 8030 Dep
0030.

dok 56

Kultur- og kirkelep.	
KI	
Saksnr. <i>03/385</i>	Dato <i>01/203</i>
Node <i>540</i>	Per. <i>KRS</i>

HØYRINGSUTTALE- TENESTEORDNING FOR PROSTAR OG MENIGHETSPRESTAR.

Takk for sist på prostekonferansen.! Eg sat att med ei god kjensle at det hadde vore både hyggeleg og nyttig! Takk til O.H. Fisknes som ikkje var tungbedd denne gongen heller...

Tenesteordning for prostar.

For ein som vart utnemnt i same statsråd som noverande tenesteordning vart vedteken, så har eg lært å verte glad i den denne. Den er både regel- og målstyrande. Det gjev god hjelp for nye prostar til å vite kva ein skal gjere som prostar og rammene for det. Endringane til ein "dekalog" gjer den kortare, men gjev den same hjelpa?

Då er det alltid spanande å finne ut kva som er borte, - og kvifor? Er det noko nytt og nyttig som er kome inn i staden?

Eg sit og med Tom Rafoss sitt manuskript frå prostekonferansen som forklarar godt korleis desse tenesteordningane er tenkte. Og dei skal vere inkluderande slik at dei skal passe både på den noverande ordninga og for dei som vil ha ny organisering av prestetenesta.

Til § 1.

Ei genial formulering i og med at prosten "bistår biskopen i dennes embetsutøvelse". Her vert prosten gitt all fullmakt han treng og berre biskopen kan avgrense. Her ligg i utgangspunktet alle oppgåver som ligg til bispeembetet iflg. Rafos. Då vert § 1 og §2 i den noverande tenesteordning overflødige.

Og like fullt: §§ 1-2 er ikkje regelstyring, men målstyring og betre enn den eksegese ein må ha hjelp til for å forstå fullnaden av det som ligg i den nye §1.

Forslag til ny § 1:

Prosten leder prestetjenesten i prostiet og bistår biskopen i hans embetsutøvelse.

Prosten skal arbeide for gode kollegaforhold og et godt åndeleg fellesskap mellom kirkelige ansatte og inspirere til at tjenesten bli ivareteken med kvalitet og i samsvar med vår kirkes ordninger.

Med dette tillegget har ein fått fram den positive og viktige sida av tilsynet ved å legge vekt på å arbeide for.... og inspirere... (det er meir "åndeleg" enn motivere...).

§ 1 bør vere ein paragraf som kastar lys over alle dei andre, slår an tonen, som dei andre paragrafane skal lesast i lys av. T. d. §4 kan lett tolkast at det er om og gjere at desse oppgåvene vert utførte, men underordna korleis dei vert utførte. Det må vere i arbeidsgjevaren si interesse at tenestene vert utførte med "kvalitet". Dette er og i samsvar med dei omgrep som er formulerte i statsbudsjettet for 2004 under hovudmål 3.2. Tenesteinstruksen bør ikkje vere dårlegare enn

målformuleringane i budsjettsamanheng!

Ein del uvesentlege ting kunne vore kommentert. Men i det store og heile synes eg det har vore gjort ein god jobb med den nye tenesteinstruksen. Så lukke til med det vidare arbeidet!

Med ynskje om Guds signing vidare i dykkar teneste!

Helsing,



Rolf Schanke Eikum
Prost